

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 30.6.2017

Stad: Geilo, Geilo Næringspark As

Desse møtte frå Regionrådet:

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Helge Feet,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Islein Haugo, fylkeskontakt
Hanne Lisa Matt, fylkeskontakt
Kjersti Bærug Hulbakk, regionkontakt

Frå rådmannsutvalet møtte:

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

SAK 13/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 31.3.2017

Vedtak

Protokollen er godkjent.

SAK 14/17 ORIENTERING OM DIV. ARBEID I REGIONRÅDET

Knut Arne Gurigard og Ulrikke Ytteborg orienterte om arbeid i Regionrådet.
Vedlagt presentasjon

SAK 15/17 FRAMTIDIG ORGANISERING OG FINANSIERING AV HALLINGDAL ETABLERERSENTER

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår kommunane til å gjera slikt vedtak:

1. Hallingdal Etablerersenter er kommunane i Hallingdal si felles teneste for m.a. etablerarrettleiing. xx kommune ser det som føremålstenleg at det også vidare skal vera felles etablerarteneste for kommunane i Hallingdal.

2. xx kommune løyver sin del av kr. 635.000 etter vedteken fordelingsnøkkelen for 2018:

- | | |
|--------------------|-------------|
| - Hol kommune, | kr. 128.916 |
| - Ål kommune, | kr. 132.858 |
| - Gol kommune | kr. 130.676 |
| - Hemsedal kommune | kr. 84.072 |
| - Nes kommune | kr. 103.676 |
| - Flå kommune | kr. 54.911 |

Eventuell løyving frå Buskerud fylkeskommune vil redusere tilskot frå kommunane tilsvarande.

- xx kommune ber om at Hallingdal Etablerersenter deltek i prosessar for å utvikle gode samarbeidsplattormar med Buskerud fylkeskommune og tilsvarande regionar i Buskerud.
- xx kommune ber om at Hallingdal Etablerersenter vurdera løysingar for organisering, i samarbeid med andre relevante næringsaktørar i Hallingdal. Der målsettinga er eit utvida samarbeid, for å styrke næringslivet i Hallingdal og vera ein betre hjelpar for næringslivet i Hallingdal.

SAK 16/17 ORIENTERING OM INNOVASJONSLØFT HALLINGDAL OG START-UP

Pål Rørby, dagleg leiar i HallingExpo, orienterte om Innovasjonsløft Hallingdal og Start-up. Vedlagt presentasjon gjev kort innføring om dei to tiltaka.

SAK 17/17 VURDERING FELLES LEGEVAKT KVELD OG HELG

Vedtak

Sak om event. felles legevaktordning for kveldsvakt, helgevakt skal sendast rådmannsutvalet så snart saka er klar. Saka blir teke opp i den einskilde kommune før saka event blir teke opp som sak i rådmannsutvalet og regionrådet.

SAK 18/17 EVENTUELTT

Revisjon

Ordførar Petter Rukke orienterte om samtale med styreleiar i Kommunerevisjon IKS, som ynskjer eit møte med kommunane i Hallingdal, i august.

Skatt

Ordførar Petter Rukke orienterte om ambulerande ID-kontroll og erfaringar så langt i Hol kommune. Regionrådet følgjer opp saka.

Politireformen

Regionrådet for Hallingdal ynskjer eit felles møte med fungerande leiar Nordre Buskerud, politiinspektør Petter Solberg og regionlensmann Hallingdal Brit Fyksen, i løpet av august 2017.

Felles rettssenter

Ordførar Tore Haraldset orienterte kort om status felles rettssenter, der Domstolsadministrasjonen no er positive til vidare dialog.

SAK 19/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Geilo 30.6.2017

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Helge Feet,, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune